Førsteblad 1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9. Fylke: Hedmark

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Engerdal

Emne: Lauving Bygdelag: Drevsjö

Oppskr. av: Andreas Ropeid Gard:

(adresse): G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Dorthinus Sörjoten, f. på Sörjoten 12/9 1881. Bonde på Drevsjö.

SVAR

1. Det er vanleg å ta lauv enno, men mindre enn før.
Lauvet er årvisst fôr, høyrer til grunnfôringa.

2. Det vanleg er å ta lauv etter slåtten.
Det lauvet som ein tar før slåtten, har vanleg så hard kvist. Ein pleier ikkje ta ~~[illegible]~~ lauvet då til sauen (vanleg lenger sör i heradet og i Trysil).
Det veks mest ikkje anna lauvtre enn bjørk ved Drevsjö, og det er difor mest den ein tar.
Det heiter å ta lóv, lóvtakst.

3. Lauvet vert tatt med lóvskjóre som er heilt lik lóvhakka lenger sör i bygda: ein ljåstubb på eit stutt, rett skaft.
Ein feller til vanleg heile treet, så det trengst ikkje nokon reidskap til å böya ned greinene.
Det finnst ikkje ask og eik i bygda, og det er sjeldan ein raspar lóv av andre tre og.

4. Det er vanleg å hogge ned treet som ein

8196

skal ta lauv av.

Kylletre er ukjent.

5. Lauvkjervene blir satt opp på <u>lóvkjeller</u>



Kjervene vert <u>dradd opp</u> i siste skiftet. Det er ikkje vanleg å ha tak på lóvkjellen

Det var heint uvisst kor mange kjerver det kunne vera i ein kjell, lengda varierte jo.

D. T. kjenner til at kjervene vert rekna i snesar à 10, men denne reknemåten er alldri nytta på Sörjoten. Vanleg teljemåte er brukt.

Ukjent at lauv vert raka saman med graset

Surlauv ukjent.

6. Kjervene vert kjört heim på vinterföre etterson ein hadde tid og trong.

Lauvdugnad o.l. ukjent.

7. Det blir tatt lauv i innmarka, men mest i utmarka.

Det er mannfolkarbeid å setja opp kjell og dra opp kjervene, men elles er det ikkje noko skilnad på mannfolk og kvinnfolk.

8 Lauvet vert lagt på låven heime

8196
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Det e kū, sau og geit som få lauv.

9. Det e ikkje stort anna enn bjørkelauv her.

10. Alm finnst ikkje i grenda.

11-15 Ukjent.

B.

1-9. Ukjent.

8196

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING